


14/4937

Lindås kommune,
v/ kultursjefen
5914 Isdalstø



Strilamuseet og Håkonshaugen

Innspel frå Lindås sogelag til den kommunale kulturplanen

Viser til orientering på møte i Levekårsutvalet og ein utdelt foldar som fortel om Lindås sogelag sine planar for eit Strilamuseum ved Håkonshaugen.

Sogelaget har i over 30 år arbeidd for å ta vare på kulturgjenstandar frå strilekulturen. Dei siste 10 åra har vi og drive aktiv formidling gjennom Strilamuseet på Seim og monterer i Knarvik senter.

Då leigeavtalen vart oppsagt for magasinet og utstillingslokala på Seim, vart det klart at noko måtte gjerast for å få ei permanent løysing. Det er eit utruleg dugnadsarbeid som no er gjort for å flytta gjenstandar frå Seim og til nye lokale i Knarvik og til Feste.

Eit sentralt liggjande utstillingslokale i nærleiken, var det uråd å få tak i.

Det vil seia at den viktige formidlingsfunksjonen er sterkt redusert.

Det er denne situasjonen som er bakgrunnen for planane for eit permanent magasin og utstillingslokale for Strilamuseet/strilakulturen og eit informasjonsenter for Håkon den Gode på kommunen sin tusenårsstad.

Lindås kommune har støtta sogelaget med pengar og leige av lokale. Det er vi takksame for, og vil gjerne ha kommunen med vidare som ein god medspelar og støtte for dei planane vi no legg fram.

Dette prosjektet kan og forankrast i kommunen sin kulturminneplan der det står:
« Håkonshaugen på Seim: Vidareutvikle haugen som formidlingsarena, i samarbeid med stiftinga for haugen.»

Stiftinga Håkonshaugen er no vedteken oppløyst, og då skulle det vera naturleg at Lindås sogelag kjem inn som ny samarbeidspartnar i dette arbeidet.

Konsolideringsforhandlingane mellom Lindås kommune, Lindås sogelag og Museumssenteret i Hordaland munnar gjerne ut i eit felles museum for Strilakulturen i Nordhordland.

Då synest vi at Seim er eit naturlege sentrum for ein slik organisasjon.

Lindås sogelag vil alt no søkja om å få starta ein privat reguleringsplan for området, og grunneigaren er på vår side og ser positivt på dette.

Sogelaget har også kome med innspel til den regionale kulturplanen for fylket, for å få prosjektet vårt inn der og.

Difor er det viktig at Lindås kommune tek prosjektet med i den kommunale kulturplanen som no skal rullerast.

Dette er ei viktig sak både for kommunen, regionen og strilakulturen.

Med helsing

Jan B Thorsheim